



**Utval:** Samferdselsutvalet  
**Møtestad:** Møterom 367 fylkesutvalsalen, Fylkeshuset  
**Dato:** 09.04.2014  
**Tidspunkt:** 14:00-16.00

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Atle Kvåle	Medlem	A
Anne-Line Innvær	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
Øyvind Hardeland	Medlem	A
Gustav Bahus	Leiar	FRP
Inger Signe Ulvund	Medlem	FRP
Einar Lutro	Medlem	H
Eli Årdal Berland	Medlem	H
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Iiril Schau Johansen	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Jostein Ljones	Medlem	FL SP/MDG
Alf Helge Greaker	Nestleiar	V

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Tom Skauge	Medlem	FL SV/R

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Arild Borgen	Tom Skauge	FL SV/R

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar
Thorbjørn Aarethun	Seksjonsleiar
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Kaisa Tonheim Banne	Rådgjevar SSV

**Sakliste**

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 38/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 39/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 40/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 32/14	Svar på spørsmål om Fureberget bru - Fv 551	2014/13969	

RS 33/14	Trafikkutvikling i Indre Hardanger	2014/12771	
RS 34/14	Omkøyringsalternativ Arna - Dale. Svar på oversendings spørsmål	2014/64	
RS 35/14	Trafikkulukker i gangfelt - svar på oversending	2014/11292	
RS 36/14	Melding - Oppdatert utgåve av Miljøstrategi for Skyss	2014/13105	
RS 37/14	Endringer i organisasjonsstrukturen i Skyss	2014/13574	
RS 38/14	Midler til videre utbygging av Bergen Lufthavn Flesland må sikres	2014/13628	
RS 39/14	Melding - Varestrømsanalyse for Bergensregionen 2013.	2014/64	
RS 40/14	Brev til høringsinstanser - orientering om endelig anbefaling om minimum indikatorsett for oppfølging av bymiljøavtaler	2014/54	
RS 41/14	Fylkesvegar - nye driftskontraktar i Hordaland i 2014 - kontaktsområde Voss	2014/10153	X
RS 42/14	Modell for fornying av ferjeflåten - forslag i marstinget 2014	2014/12939	
PS 41/14	Rv 7 - Omklassifisering til fylkesveg Bruravik - Hardangerbrua i Ulvik Herad	2014/928	
PS 42/14	Søknad frå Osterøy Ferjeselskap AS om ruteløyve for strekninga Breistein - Valestrand	2014/11512	
PS 43/14	Søknad frå Fjordhesten AS om ruteløyve for strekningar i Åsane	2014/11528	
PS 44/14	Regionalt bompengeselskap i Hordaland - rapport	2014/13939	
PS 45/14	Ymse		

### **PS 38/14 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.04.2014

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart godkjent. Det vart peika på at når det er framme saker som krev at det vert kalla inn varamedlemmer, så må det gjerast i god tid på førehand, og varamedlemmane må opplysast om kva saka gjeld.

### **PS 39/14 Godkjenning av møtebok forrige møte**

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.04.2014

#### **Vedtak**

Møteboka frå møte 19. mars vart godkjent.

### **PS 40/14 Referatsaker (Meldingar)**

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.04.2014

#### **Merknader til meldingane:**

**M/33. Einar Lutro** synte til at omgrepa ÅDT og Pbe vart nytta om ein annan i meldinga. Rådde til at ÅDT vert nytta ved framtidige rapporteringar.

**M/42. Pål Kårbø** til synte til oversendingsforslaget som innebar å etablera ei politisk arbeidsgruppe under samferdselsutvalet, som skal arbeide fram ein modell for fornying av ferjeflåten på dei ulike ferjestrekningane i Hordaland.

Det var ikkje fleirtal i utvalet for å gå vidare med denne modellen. Utvalet la til grunn at ein vert halde orientert om den pågåande prosessen fram mot nye ferjeanbod. Frå administrasjonen si side vart det opplyst at det vert lagt fram ei sak om dette saksområdet i løpet av året.

**M/37. Arild Borgen** stilte spørsmål om korleis omorganiseringa kunne gje betre planleggjing. Oddmund Sylta orienterte om bakgrunnen for omorganiseringa og peika m.a. på at organisasjonen må ha eit anna fokus i ein etablert driftsfase enn i ein etableringsfase.

**M/38. Arild Borgen** stilte spørsmål om korleis utbyggjinga på Flesland kan starta før finansieringa er på plass. Gustav Bahun opplyste at finansieringa no er på plass.

**M/40. Arild Borgen** stilte spørsmål om kva indikatorar som var teke vekk. Administrasjonen kjem attende med svar på dette.

**Arild Borgen** sette fram fylgjande oversendingforslag.

Felles plan for jernbane og ny veg Arna-Voss.

Framlegget til plan for ei kombinert utbyggjing av jernbane og veg mellom Arna og Voss har fått mykje velfortent ros. Vil fylkesrådmannen koma med forslag om at planen får høgare prioritet i NTP ved neste runde.

Utvalet røysta over om oversendingforslaget skulle sendast vidare.

### **Røysting**

Oversendingforslaget fekk 1 røyst og fall.

**RS 32/14 Svar på spørsmål om Fureberget bru - Fv 551**

**RS 33/14 Trafikkutvikling i Indre Hardanger**

**RS 34/14 Omkøyringsalternativ Arna - Dale. Svar på oversendingsspørsmål**

**RS 35/14 Trafikkulukker i gangfelt - svar på oversending**

**RS 36/14 Melding - Oppdatert utgåve av Miljøstrategi for Skyss**

**RS 37/14 Endringar i organisasjonsstrukturen i Skyss**

**RS 38/14 Midler til vidare utbygging av Bergen Lufthavn Flesland må sikres**

**RS 39/14 Melding - Varestrømsanalyse for Bergensregionen 2013.**

**RS 40/14 Brev til høringsinstanser - orientering om endelig anbefaling om minimum indikatorsett for oppfølging av bymiljøavtaler**

**RS 41/14 Fylkesvegar - nye driftskontraktar i Hordaland i 2014 - kontaktsområde Voss**

**RS 42/14 Modell for fornying av ferjeflåten - forslag i marstinget 2014**

### **PS 41/14 Rv 7 - Omklassifisering til fylkesveg Bruravik - Hardangerbrua i Ulvik Herad**

#### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet tilrår at 4,7 km av tidlegare riksveg 7/13 vert omklassifisert til fylkeskommunal veg frå rundkøyringa i Vallaviktunellen til og med ferjekaia på Bruravik.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå eventuell avtale med Statens vegvesen om framtidig drift og vedlikehald av den delen av omklassifisert veg som ligg i Vallaviktunellen.

**Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.04.2014**

## **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

## **Innstilling**

1. Fylkesutvalet tilrår at 4,7 km av tidlegare riksveg 7/13 vert omklassifisert til fylkeskommunal veg frå rundkøyringa i Vallaviktunellen til og med ferjekaia på Bruravik.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå eventuell avtale med Statens vegvesen om framtidig drift og vedlikehald av den delen av omklassifisert veg som ligg i Vallaviktunellen.

## **PS 42/14 Søknad frå Osterøy Ferjeselskap AS om ruteløyve for strekninga Breistein - Valestrand**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet godkjenner Osterøy Ferjeselskap AS sin søknad om ruteløyve for 10 år for ferjesambandet Breistein – Valestrand. Fylkesutvalet legg til grunn at drifta vert vidareført utan fylkeskommunalt tilskot.

### **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.04.2014**

## **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

## **Innstilling**

Fylkesutvalet godkjenner Osterøy Ferjeselskap AS sin søknad om ruteløyve for 10 år for ferjesambandet Breistein – Valestrand. Fylkesutvalet legg til grunn at drifta vert vidareført utan fylkeskommunalt tilskot.

## **PS 43/14 Søknad frå Fjordhesten AS om ruteløyve for strekningar i Åsane**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet godkjenner Fjordhesten AS sin søknad om ruteløyve for 10 år på strekninga Sætre - Klauvaneset - Nyborg - Dalavegen ved Melingen - Flaktveit - Åsane terminal - Morvik - Baugtveit – Salhus.
2. Det vert sett som vilkår for løyvet at alle passasjerar må ha av- eller påstiging på Sætre, Dalavegen ved Melingen eller Baugtveit.

### **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.04.2014**

## **Røysting**

Fylkerådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

## **Innstilling**

1. Fylkesutvalet godkjenner Fjordhesten AS sin søknad om ruteløyve for 10 år på strekninga Sætre - Klauvaneset - Nyborg - Dalavegen ved Melingen - Flaktveit - Åsane terminal - Morvik - Baugtveit – Salhus.
2. Det vert sett som vilkår for løyvet at alle passasjerar må ha av- eller påstiging på Sætre, Dalavegen ved Melingen eller Baugtveit.

## **PS 44/14 Regionalt bompengeselskap i Hordaland - rapport**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet tek førebels rapporten «Regionalt Bompengeselskap i Hordaland» til orientering.
2. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen tek kontakt med Samferdselsdepartementet for å avklara rammene og prosessen for bompengeselskapstrukturen. Gjev Samferdselsdepartementet klarsignal for at HFK kan etablere eit regionalt bompengeselskap, ber fylkesutvalet om at fylkesrådmannen startar arbeidet med å etablere eit regionalt bompengeselskap i Hordaland.

## **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.04.2014**

Spørsmål om ugildskap for medlemmane i utvalet vart teke opp. Alle medlemmane som er styremedlem eller varamedlem til styre i bompengeselskap gjekk frå ved handsaming av spørsmålet om ugildskap. Det galdt fylgjande medlemmer:

Gustav Bahus – varamedlem i bompengeselskapet Bergen-Os

Atle Kvåle – styremedlem for bompengeselskapet Bergen-Os og Askøypakken

Anne-Line Innvær – varamedlem for Sunnhordland bru- og tunnelselskap

Øyvind Hardeland – styremedlem for Halsnøysambandet

Jostein Ljones – styremedlem for Kvammapakken

Pål Kårbø – styremedlem for Sunnhordland bru- og tunnelselskap og Nordhordlandspakken

Inger Ulvund – styremedlem i Askøypakken og Osterøy Bruselskap

Silja Ekeland Bjørkly – varamedlem til Nordhordlandspakken

Einar Lutro – styreleiar i Hardangerbrua og styremedlem i Norvegfinans

Stein Inge Ryssdal – styremedlem i bompengeselskapet Bergen-Os og Austevoll bompengeselskap

Alf Helge Greaker – styremedlem i Askøypakken og Bergen bompengeselskap.

Fylgjande varamedlemmer tok plass ved vurdering av habiliteten:

Tor Turøy (V), Wenche Tislevoll (H), Gunnar Bakke (FRP), Sandra Valskog (A), Sveinung Valle (A).

Eli Berland tok over leiinga av utvalet ved handsaminga av habilitetsspørsmålet.

Utvalet fann at fylgjande medlemmer er habile ettersom dei kun har vore sporadisk møtande varamedlemmer:

Anne-Line Innvær

Silja Ekeland

Gustav Bahus

Pål Kårbø vart funne habil av di Nordhordlandspakken så langt kun er eit pådrivarselskap og Sunnhordland bru- og tunnelselskap er under avvikling.

Varamedlem Tom Sverre Tomren vart funne habil som varamedlem i Nordhordlandspakken.

Utvalet (14 medlemmar) handsama deretter saka.

Før sakshandsaminga tok til orienterte Øistein Jensen frå PWC om innhaldet og konklusjonane i rapporten

**Sveinung Valle** sette fram forslag til endra pkt 2 og nytt pkt 3.

2. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen tek kontakt med Samferdselsdepartementet for å avklara rammene og prosessen for bompengeselskapsstrukturen.

3. Fylkesutvalet ynskjer tilbakemelding på svara samferdselsdepartementet gjev om framtidige rammer og bompengeselskapsstruktur før arbeidet med etablering av eit regionalt bompengeselskap vert starta opp.

### **Røysting**

Sveinung Valle sitt forslag til endra innstilling fekk 4 røyster og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke med 10 røyster.

### **Innstilling**

1. Fylkesutvalet tek førebels rapporten «Regionalt Bompengeselskap i Hordaland» til orientering.
2. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen tek kontakt med Samferdselsdepartementet for å avklara rammene og prosessen for bompengeselskapstrukturen. Gjev Samferdselsdepartementet klarsignal for at HFK kan etablera eit regionalt bompengeselskap, ber fylkesutvalet om at fylkesrådmannen startar arbeidet med å etablera eit regionalt bompengeselskap i Hordaland.

## **PS 45/14 Ymse**

### **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.04.2014**

FAGSEMINAR OM KOLLEKTIVSTRATEGI FOR HORDALAND

Før møte i utvalet var medlemmane samla til fagseminar om kollektivstrategien med tema om kva som skal til for å lukkast med kollektivsatsinga. Innleiarar var Håkon Rasmussen, Gustav Nielsen, og Tom-Alex Hagen.

**Stein Inge Ryssdal** opplyste om at han hadde klårlagt at medlemmane får dekkja tapt arbeidsforteneste for fellesmøte mellom KURE og SAMU i mai.

**Anne-Line Innvær** stilte spørsmål om når ein kunne rekna med å få nytta mobilbillettapp i distrikta.

Oddmund Sylta opplyste om at ein fyrst må ha på plass ein ny sonestruktur med langt færre soner enn i dag før ein kan innføra mobilbillettapp i distrikta. Sak om ny sonestruktur vert lagt fram i løpet av året.

**Anne-Line Innvær** stilte spørsmål om status for ferjeavløysingsprosjektet for Fjelbergøyane.

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

**Øyvind Hardeland** stilte spørsmål om kommunen kan søkja om å få forskottera rassikringsmidlar til utbetring av Fureberg bru.

Det vart opplyst at det er mogeleg å søkja om dette.